



Før avreisen i Uskedalen i føremiddag, med dei 3 studentane til høgre og vertskapet Gunvor og Lill Myklebust til venstre. Bak dei det bygningsmiljøet som oldefaren til Espen utvandra frå.

Espen Myklebust (23) frå Asker men med røter i Uskedalen, Caden Boullon frå Georgia i USA (20) og Roman Martin (23) frå Tallinn i Estland er ein trio som ikkje ligg på latsida. Dei er eller har alle vore studentar ved colleget Young Harris i Georgia og no er dei med ekspressfart på veg gjennom Noreg med naturtoppar på ynskjelista. Espen har vore så raus at han har teke med studiekameratane til heimlandet og i dag er stoppestaden Bergen etter overnatting hos slektningar på Neset. Dei køyrer i bilen til Espen og tykkjer det er svindyrt med 16 kroner for ein bensinliter når dei kan få han for 6 kroner i USA. Men ellers er dei tilfreds med det meste - ikkje minst gudbrandsdalsost og mjølkesjokolade. Espen fortel stolt at oldefaren Håkon vart fødd på Neset i 1894.



Han reiste frå Georgia i USA til Haugesund for å kjøpa pipe!

Espen har studert business i 2 år i Georgia og har igjen eitt år i Drammen før bachelorgraden er klar. Både Roman og Caden er biologistudentar. Caden har kubansk slektsbakgrunn. Young Harris ligg i byen med samme namn som har berre 900 innbyggjarar medan det er 1200 studentar. Det var Caden som fyrst hadde ideen om ein Noregsafari, som ikkje akkurat er det tradisjonelle reiseopplegget for amerikanarar.

Ein ekstra utfordring er det at passasjerar som måler 2.03, 1.94 og 1,90 skal pressast inn i ei lita folkevogn.



Med tre flagg på Trolltunga

Turen er slik i stutte drag og han skal ideelt sett gjennomførast på 2 veker:
Start i Asker, fyrst til Lindesnes og så til Prekestolen og overnatting i telt ved Kjeragbolten.

Neste etappe til Stavanger med hotellovernatting inkludert dusj, så Haugesund med besøk hos ein pipemakar, som har laga ei unik pipe for ein av turdeltakarane. Den er tildels av bambus frå Asia og briartre frå Italia.

Neste etappe til Trolltunga ved Odda og Uskedalen samt Baroniet før Bergen.
Møtte uplanlagt 2 dronningar, har varierende royalistisk haldning.

Vidare til Galdhøpiggen, Bessengen og Romsdalen, der morsslekta til Espen bur, men mogeleg at tidsskjenet sprekk og programmet må kuttast.

Dei 3 gutane trekk fyrst fram mat-delikatessane mjølkesjokolade og gudbrandsdalsost når vi spør om spesielle inntrykk frå landet. Dei har ellers møtt berre vennlege folk, men peikar på ein viktig forskjell: Amerikanarane startar gjerne ein samtale fyrst, i motsetnad til oss. Kanskje bør vi snu litt på det?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.